



Årsmøtet i Uskedal Helselag nærmar seg og rus blir eit tema på møtet. Det blir halde tysdag 27. mars klokka 19 i Gamleskulen og det er Møyfrid Kristoffersen som skal orientera om rusomsorgen i Kvinnherad.

Ellers står dei vanlege årsmøtesakene på programmet med årsmelding, rekneskap, valg og innkomne forslag. Dei siste må vera styret i hende innan 19. mars.

Når det gjeld vala vart Selma Eik under årsmøtet for eit år sidan attvald som leiar for ein toårsperiode og er altså ikkje på val denne gongen. Ho har no slutført sitt år nummer 11 som leiar for det driftige laget.

På biletet som er frå årsmøtet i fjor sit ho foran styremedlemmene Berit H Myklebust, Margit Eik og Hilda Guddal
(Foto: Ola Matti Mathisen)